

## OPPFØLGJING AV DRIVEPLIKTA I MIDSUND KOMMUNE

Ved endring i jordlova i 2009 vart driveplikta til jordbruksareal ei livsvarig personleg plikt for eigaren . Det vart sett krav til drift for eiga rekning eller utleige av areala so tilleggsjord.

Grunngjevinga for lovendringa var behovet for å sikre produksjon av mat, ivareta jordbruksareala sin produksjonsevne og kulturlandskapet når ein aukande del av areala vart drevne som leigejord.

Omfanget av leigejord varierer med bruksstruktur og kor omfattande bruksnedleggjinga har vore.

Det er jo ei naturleg utvikling at omfanget av leigejord er størst der ein i utgangspunktet har hatt ein stor andel mindre bruk og der jordbruksmiljøet er svakast.

I kystområda i Møre og Romsdal har bruksnedleggjinga vore stor.

I Midsund kommune er over 70% av jordbruksareala leigejord . Vidare var rel. store areal lagde brakk eller vart avpusa.

Jordleige var i utgangspunktet basert på det personlege nettverket, slekt og vener.

I samband med søknader om tilskot til nydyrking og bruksutbyggjing, hadde det vore krevd jordleigeavtaler. Etter som desse avtalene gjekk ut, vart omfanget av ein formalisert, skriftleg avtale mindre.

Midsund kommunestyre vedtok ei landbruksplan i 2014. Eit av hovedmåla i planen var utarbeiding av ein plan for oppfølging av

driveplikta for å sikre driftsgrunnlaget for det framtidige jordbruket i kommunen.

Planen vart lagt fram for formannskapet som ikkje hadde merknader.

Planen delte inn kommunen i soner, som ikkje var større enn at det kunne vere ein naturleg kontakt mellom eigarar av landbrukseigedomar og potensielle brukarar av areala.

Eigarar av drivverdige landbrukseigedomar skulle tilskrivast av kommunen, orienterast om krav til driveplikt og få tilbod om hjelp til inngåing av jordleigeavtaler.

Dersom eigarane ikkje tok opp eiga drift eller inngjekk leigeavtaler, og ikkje fekk dispensasjon eller utsetjing, skulle saka oversendast fylkesmannen.

Ein skulle i størst mogleg grad avslutte arbeidet i eit område før ein starta opp arbeidet i eit nytt.

### Gjennomføringa

Det er jo eit generelt krav til likebehandling i forvaltninga og at ein skal oppfylle klageretten.

Vi tok utgangspunkt i jordregisteret. Det er lista opp arealet av fulldyrka og overflatedyrka jord på kvart bruk.

Det er eit generelt krav i rundskrivet at driveplikta gjeld for eigedomar som har over fem da dyrka jord. Vidare la kommunen inn som ein føresetnad at areala kunne drivast på vanleg måte, ha ei vanleg arrondering.

Mindre eigedomar, ned mot fem da dyrka jord, og der arronderinga var dårleg, tok vi ikkje kontakt med

Eigarane av drivverdige jordbruksareal vart tilskrevne med ei orientering om driveplikta , dispensasjon, ein svarfrist og tilbod om hjelp til utforming av ev. leigeavtalar.

Eigedomar som låg i grenseland fekk dispensasjon etter søknad.

Eigarar som søkte produksjonstilskot, eller som vi hadde kjennskap til dreiv areala, vart ikkje tilskrivne.

Kommunen hadde eit møte med bondelaget og beitelaget og orienterte om at arbeidet var starta opp. Det synte seg at dette var viktig. Det var enkelte som kvidde seg på å inngå leigeavtaler som ev. måtte oppfyllast når drifta var redusert eller lagt ned. Dette var eit element som vi måtte ta opp att med enkelte, at avtalen ikkje skal vere gjeldande når drifta vert lagt ned.

Komunen må vurdere om det er hensiktsmessig å starte opp registrering og oppfølging dersom det ikkje er landbruksføretak i området som vil leige jord. Eg kom likevel fram til at det var viktig at eigarane vart informerte om driveplikta, og at ein ev. fekk gi midlertidig dispensasjon til det låg føre etterspurnad etter areal. Det ville gjere situasjonen enklare for ev. nyetableringar som måtte ha behov for leigejord.

Vidare vil informasjon om driveplikta medverke til at oppløysing av dødsbo og ev. sal av landbrukseigedomar vert aktualisert.

Alle tilskrevne eigarar vart registrerte i eit rekneark og den vidare kontakten/sakshandsaminga registrert.

Søknader om dispensasjon vart registrert som vanlege saker og handsama på vanleg måte.

Kopi av jordleigeavtaler vart arkivert i ein perm.

Før arbeidet med oppfølging av driveplikt vart starta opp, vart det teke kontakt med fylkesmannen for å avklare om driveplikt kunne registrerast i dei statlege databasene på produksjonstilskot.

Vi fekk negativt svar på dette. Ein database kunne ikkje nyttast utover det føremålet den var laga for og det er eigarane som er ansvarlege overfor kommunen.

Det bør vurderast om lagring i eit vanleg rekneark , utanfor kommunen sitt vanlege arkivsystem, oppfyller krav til arkivering og det burde ha vore utarbeida eigne program for handsaming av driveplikta.

Det måtte gjerast ein del skjønnsmessige vurderingar på kva eigedomar som er underlagt driveplikt og praksis ved dispensasjonar. Dette må ein ta stilling til på førehand. M.a måtte det takast standpunkt til areal som var ute av drift på grunn av defekt dreneringssystem.

Vidare krev handsaminga juridisk kompetanse i kommunen. Ein skal jo fronte personar som kan vere uviljuge til å rette seg etter driveplikta.

Etter det eg kjenner til, har ikkje fylkesmannen handsama oversende saker før no. Kommunane har difor ikkje kjennskap til kva praksis fylkesmannen vil ha, kva skjønn fylkesmannen vil utøve.

Kommunen fekk ikkje mange negative reaksjonar. Ein del trong meire tid på å inngå avtaler .

Arbeidet vart meire arbeidskrevjande enn ein hadde tenkt seg. Kontakten med eigarar og potensielle leigarar tok tid.

Landbruksforvaltninga i Midsund var sårbar for endringar i arbeidsoppgåver på grunn av vakansar . Det var vanskeleg å gjennomføre arbeidet innanfor normalkapasiteten til forvaltninga.

Kommunen har hatt kontakt med dei fleste av landbrukseigedomane på utsida av Otrøya og på det meste av leigejorda i dette området er det etablert avtaler.

Det er i alle fall eit bruk som har fått etablert eit driftsgrunnlag for investering i driftsbygning og det er investert i grøfting og kultivering på grunnlag av jordleigeavtalane.

To saker er oversende fylkesmannen.

### Konklusjonar

Det er kommunane som er det svake leddet i oppfølging av driveplikta. Landbruksforvaltninga har ofte redusert kapasitet ,kompetanse og høve til å prioritere arbeidsoppgåver.

Handheving av driveplikta kan vere arbeidskrevjande i oppstarten og kommunar med liten kapasitet i landbruksforvaltninga ,og ein stor prosent leigejord, vil truleg ikkje ta opp arbeidet.

Oppstart av arbeidet med handheving av driveplikta kan organiserast som prosjekt i dei kommunane som ikkje er i stand til å gjennomføre oppgåva , innanfor forvaltninga sin kapasitet og kompetanse.

Det bør vere fylkesmannen si oppgåve å informere kommunane om at ein ikkje utan vidare kan ignorere ei lovbestemt arbeidsoppgåve.

Driveplikta bør vidare vere eit tema for fagorganisasjonane i landbruket overfor det politiske miljøet.

Handheving av driveplikta må utviklast i eit fagmiljø og ikkje av enkeltpersonar i kvar kommune. Eg vil tru at dette bør vere tema for eit prosjekt som er initiert av fylkesmannen.

Fylkesmannen er klageorgan for vedtak i kommunane og skal handsame innsende saker. Fylkesmannen kan difor ikkje vere direkte involvert i konkrete prosjekt i enkeltkommunar. Eg ville tru at dette er ei teneste/tilbod som kunne organiserast gjennom forsøksringane.

Midsund 08.05.2018

Nils Sanden